

200802343-34
KSK/AUKO

Stiftinga Herand Aktiesagbruk
v/styreleiar Johan Haugen
5628 Herand

NK Småkraft
v/Bård Moberg

Herand, 24. mai 2013.

Vedk.: Sæverhagen kraftverk.

Syner til Dykkar brev av 12. d.m. med orientering om planar for etablering av kraftverk i Storelvi i Herand, med utnytting av fallet frå Herandsvatnet til utløpet i sjøen.

Første sikre dokumentasjon på Tveiti Sag er frå 1603. Saga slik me kjenner den i dag, som fleirblada oppgangssag, vart montert og teken i bruk i 1909. Saman med omkringliggjande konstruksjonar og areal vart saga freda i 1986. Stiftinga Herand Aktiesagbruk, som no har ansvar for saga, vart stifta i 2002.

Grunnen under saga og omliggjande areal er frådelt hovedbruket med eige bruksnummer, men er eigd av eigaren av gnr 10 bnr 1. Det ligg føre festeavtale mellom grunneigar og stiftinga. Oppdrettsselskapet Marine Harvest, som er lokalisert i nabolaget, er eigar av saga.. Stiftinga har avtale om bruksrett av saga med Marine Harvest.

Saga med tilhøyrande utstyr og bygningsmasse har dei seinare åra vore gjennom omfattande reparasjons- og vedlikehaldsarbeid og framstår i dag i svært god teknisk stand og er fullt operativ.

Saga vert i hovedsak nytta til skjæring av tømmer for kundar med spesielle krav til dimensjonar, utføring, kvalitet og utsjånad på materialane. M.a. Bryggen i Bergen har i fleire år vore ein stor kunde for skjæring av materialar til deira rehabiliterings- og vedlikehaldsarbeid.

Med bakgrunn i vassressursen kan saga normalt drivast i perioden april – oktober, med unnatak for periodar med frost eller tørke..

Styret i stiftinga er svært oppteken av at drifta ved saga kan halde fram og at aktiviteten ikkje på nokon måte vert hindra av ei eventuell etablering av Sæverhagen kraftverk og vil spesielt nemne:

1. Det er nytta private og offentlege ressursar til å gjenskapa og vedlikehalda eit særeigna elvemiljø i området med oppgangssag, kvernhus, Sævarebrua, rasteplass og sti langs elva.
2. Ein kraftstasjon med tilhøyrande konstruksjonar i eit unikt elvemiljø er eit framandelement og må ved eventuell utbygging tilpassast miljøet arkitektonisk.
3. Saga må til ei kvar tid ha tilgang på nødvendige vassressursar i driftssesongen.
4. Oppgangssaga er open for demonstrasjonsskjæring ein dag i veka i deler av sesongen då skjæring pågår. Saga er eit populært besøksmål for turistar og skuleklassar.

5. På nordsida av elva, ved oppgangssaga, ligg gamle grunnmurar etter ei anna sag. Styret i stiftinga vurderer å starte planarbeid med sikte på å gjenreise ei einblada sag på desse murane.
6. Aktiviteten ved opppgangssaga medverkar til å byggje opp under Herand som ei rik «kulturbygd» på ulike felt.
7. Aktiviteten på saga engasjerer 2 – 3 arbeidstakarar i driftssesongen, dette medverkar til å oppretthalde faget og kunnskapen om saga for framtida.

Styret i Stiftinga Herand Aktiesagbruk ber om å verta halden orientert om utviklinga og framdrifta i planane for eventuell kraftutbygging i vassdraget.

Stiftinga Herand Aktiesagbruk vil også oversende uttale til NVE i samband med søknaden om konsesjon for utbygging.

Med helsing
Stiftinga Herand Aktiesagbruk


Johan Haugen